

## Flågan i Misvær


Rett sør for Misvær langs RV 812 mot Beiarn / Saltdal ligg "Flågan". Flågan vender mot nordvest. Midt i dei ligg det ein markert foss - Gazastripa.

**Tilkomst:** (Sjå og kart side 56). Køyr til sentrum i Misvær. Køyr ca 2,6 km vidare langs RV 812 mot Beiarn / Saltdal. Parker i det du kjem opp på ei slette med eit jorde og fråflytta bruk på venstre hand (Oppli). Ofte er det ingen avkøyring som er oppbrøyt her, ta derfor med spade for å måke inn bilen. Fossen er lett synleg rett venstre (austover). **Anmarsj:** Følg vegen forbi garden. Gå opp det høgre av dei to skarda

og gå opp Brentlia mot fossen. Innsteget er på ca 400 m.o.h. Totalt ca 1,3 km å gå, ca 30-60 minutt avhengig av snøforholda.

**Gazastripa**.....3 

ca 120 m, 50-80°. Første taulengde er brattast. Retur: Enkelt å gå ned til venstre (nord) for fossen. Simon Svendsen & Sveinung Bertnes Råheim 10.1.2009.



Flågan i Misvær sett frå RV 812 med Gazastripa sentralt i bildet

## Beiarn

Tre ulike områder er skildra i denne utgåva av føraren; Tollåura, Voldhammaren og Seglfjellet. Særleg Seglfjellet har truleg noko av den flottaste klassiske isklattringa i Salten.

**Tilkomst:** Frå Bodø, køyr RV80 til Tverlandet, ta av til Saltstraumen RV17, rett etter Saltstraumen ta RV 812 mot Misvær. Framme i Misvær, hald fram mot Beiarn/

Rognan på RV 812. Etter nokre km tek RV 813 av til Beiarn. Vel halvanna time etter Bodø er du på Storjord i Beiarn. Tollådalen ligg då oppover dalen (til venstre), medan Voldhammaren og Seglfjellet ligg nedover dalen (til høgre). Tilkomst til dei einskilte fossane er skildra ut frå Storjord.



Sveinung Råheim i starten på andre taulengde på "Asplemnen" i Tollåura i Beiarn. Foto: Remi Bendiksen.



### Tollådalen /Tollåura

Kartblad 2028-I  
 Kjør oppover Beiardalen frå Storjord til Tollå (ca 10 km). Ta av til venstre mot Tollådalen. Kjør oppover her vel 4 km. Det tek då av ein veg ned til venstre til gardane i Nedre Tollådalen. Kjør ned her og spør pent om å få parkere. Gå så rett ned mot Tollåura (omlag 1 km med flatt og nedover frå gardane). Det løner seg å følgje det naturlege draget frå gardane og ned langs elva frå Vassålivatnet. Nedgangen i Tollåura kan vere litt vrien om du ikkje treff rett. Ta med kart!  
 Sjølve Tollåura er eit 3-4 km langt elvegjuv, med bratte sider og ei brusande elv i botnen. Det er litt is/snørenner også lenger opp i gjuvet, men dei flottaste området ligg rett under "Asplemmen" like før gjuvet munnar ut i Beiardalen. Bildet over viser dei fleste isformasjonane i dette flåget, men det er også litt is lenger ut mot Beiardalen. Flåget er sørvendt, så etter at sola er tilbake er det mogeleg å klatre i sol her.

1. Prosjekt.....?

2. Prosjekt.....?

3. Prosjekt.....?

Venstrevariant av Asplemmen.

4. Asplemmen .....5

90m/70°-90°  
 Remi Bendiksen & Sveinung Råheim 25/2-2000.  
 Den sannsynlegvis flottaste fossen her. Bratt og fin heile vegen. Retur er enklast ved å rappelere ned fossen.

5. Prosjekt.....?

Det er også is rett utanfor venstre kant av bildet.

### Moldjord



Rett før Moldjord i Beiarn ligg eit par fine fossar på venstre side (sørsida) av dalen. Så vidt vi veit er bere ein av dei klatra.

Store Voldhamarfossen.....4



210m/75-85°  
 Eskil Sørvik & Knut Aspheim 17/3-96

Jamt bratt is. Lag fyrste stand så høgt som råd og strekk tre fyrste taulengder heilt ut (50m). Siste 50 meter er snøbakke og her kan det vere skummelt ved mykje snø.  
 Tilkomst: Frå Storjord, ta av til høgre mot Moldjord i Beiarn. Rett føre sentrum av Moldjord ta av til venstre og køyr ned til fotballstadion. Fossen ligg rett opp på andre sida av elva. Anmarsjen tek omlag 20 minutt, retur 3-4 rappellar via busker på 100m til høgre for utsteget, eventuelt rappell ned fossen (unngår då snøflanka på toppen!)

Det ligg også ein slakare og breiare foss ca 300 m til venstre.



Øversiktsbilde over Seglfjellet. Soløyfossen i midten. Biletet er tatt frå fly. Foto Kurt Kaspersen.



Soløymarka

Leirvika / Beiarfjorden

### Seglfjellet

Ta til høgre etter Storjord mot Moldjord. Ta av på Moldjord mot Soløya (til høgre). Kjør så langt det går, fortsett til fots inn i Soløymarka. Alternativt, kjør mot Breivika og skaff båtskyss over Beiarelva inn til Leirvika. Det gjev mindre gåing, men meire orging.

**1. Soløyfossen .....5** 

300m/70-90°  
Kurt Kaspersen & Børge Solbakk 13. februar 1997.  
Fossen ligg midt i Seglfjellet, har ei fantastisk linjeføring. Fossen er ca 300 m høg. Førstebestigarane klatra han på 6 taulengder, snittbrattheit rundt 70°, med totalt 25 meter 90° is. Dei hadde hengande standplassar heile vegen, då isen hadde veldig jamn helling og stort sett ingen hyller. Det er meire is i Seglfjellet, men denne fossen er den mest markerte. Sannsynlegvis ein av dei flottaste fossane i Salten. Retur mot vest ned over Soløytuva.

**2. Prosjekt..... ?**

Ligg skjult inni ei kløft. Ser flott ut, litt slakkare enn Soløyfossen.

## Fauske

Fauske ligg 6 mil aust for Bodø langs RV 80. Det er ei kommune med mykje interessant is. Flottaste området er truleg rundt Vatnbygda, med Svarthammarflåget og Moenflåget. Elles byr Hamnaflåget ved Leivset på lett anmarsj, medan det oppover dalen mot Sulis er mykje spanande is både lett og vanskeleg. Verd å nemne er diverse miksrenner på nordsia av Øvrevatnet og

ein del lange, hårreisande linjer og korte artige topptausprosjekt i Skjønstådalen (på veg til Sulis). I sjølve Sulis er det også diverse is, m.a. bratte, tynne ting ovom kyrkja. Ved Giken er fossen i Gikenelva klatra tidleg på 90-talet. Det er kun skildra ein foss i detalj i Sulis (Pappskaller på natterangel).



Knut Aspheim tester isøksar på "Bursdagspresangen". Foto Remi Bendiksen.

Skarpskodd barnevognsjåfør under BKK's isklatresamling 1999. Foto Sveinung Råheim